

# 2021

## Årsrapport for Sirdal sokneråd

Vedteke SR-sak 3/2022  
Sirdal sokneråd 16. mars 2022



# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemd

Hanne Fodstad – leiar  
Gunnlaug Seland – nestleiar  
Ingunn Tonstad  
Are Yngvar Myhra  
Siri Elisabeth Skagestad (perm.)  
Trine Røsstad Ousdal  
Christiane Krahnner – sokneprest  
Rolf M. Hompland – kommunen  
Gunn-Siri Ousdal  
1.vara Sissel Agathe Bø  
2.vara Tone Marit Bjørnstad  
3.vara Kenneth Omlie  
4.vara Kathrine Berge Seland

### Saker

Soknerådet har i 2021 hatt sju møter og handsama 25 saker. Møta har vore på Tonstadli. 10 saker har vore fellesrådsaker.

Soknerådet sitt arbeid blei svært avgrensa då pandemien kom og Norge har i periodar vore noko nedstengt, men vi har kunne drive med nokre tilbod. Fleire valde til komitéar og utval har framleis ikkje fått kome ordentleg i gang, då dei ikkje har hatt dei møta som dei etter planen bruker å ha i løpet av eit år, og færre tilbod som følgje av det.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått, har mellom anna vore smitteverntiltak, kva kunne gjennomførast og kva måtte avlyst/utsetjast? Høyring i samband med kyrkjeleg organisering. Ny sokneprest, Christiane Krahnner begynte 1. januar, og det blei ei flott innsetjing i Lunde kyrkje 6. juni. Kjedeleg start for henne då det meste var stengt og avlyst til over påske. Årsfest 21. mars gjekk ut, men det blei gjennomført årsmøte/ soknemøte. Arbeid med nye kyrjekontorer har vore ei sak gjennom heile året. Kommunen tok initiativ til eit moglegheitsstudium ved at

kyrkjekontoret kunne flyttast til Helsehuset og dele eksisterande areal med NAV. Det har vore mye involvering, planlegging og kommunikasjon for å få nye lokale som tilfredsstilte lovens krav og den bruken som kyrkja har behov for. Det har vore vedlikehald av kyrkjene. Lunde og Haugdom kyrkje med servicebygg er malt. Ei viktig sak er korleis kyrkjelyden kan vere kyrkje i ei pandemitid når ein ikkje kan treffast fysisk til gudsteneste og andre arrangement. Ein har i 2021 hatt fleire fysiske, opne tilbod enn ein hadde i 2020. I 2021 var det også streaming av julaftansgudstenesta i Tonstad kyrkje sjølv om det var gudsteneste i tre kyrkjer med maks. 50 deltakarar på kvar gudsteneste.

### Medlemmer av utval/komitéar har vore:

#### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Gunnlaug Seland  
Hanne Fodstad (leiar)  
Are Yngvar Myhra  
Inger Solveig Høyland  
arbeidstakarrepresentant  
(permisjon)

#### **Forhandlingsutval:**

Gunnlaug Seland  
Hanne Fodstad (leiar)  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Gudstenesteutval**

Anne Turid Solberg Garnica  
Siv Olaus Lindeland Tonstad  
May Bente Øksendal Ousdal  
Sissel Agathe Bø  
Tone Marit Bjørnstad  
Kjetil Øygard Eidevik  
Christiane Krahnner

#### **Trusopplæringsutval**

Laila Øksendal  
Grete Hegre  
Trine Røsstad Ousdal  
Inger Solveig Høyland  
(permisjon)  
Birgitta Tjørhom

#### **Diakoniutval**

Kathrine Berge Seland  
Are Yngvar Myhra

Dagny Irene Samslått  
Christiane Krahnner  
**Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd**  
May Bente Øksendal Ousdal  
Kathrine Berge Seland  
Yngve Bjørn Søyland

#### **KNkomité**

Sven-Egil Testad  
Inger Solveig Høyland  
(permisjon)

#### **Kirkens SOS kontakt**

Kent Seland

#### **Systemringen (frå kyrkjelyden)**

Christiane Krahnner  
Inger Solveig Høyland  
(permisjon)  
Yngve Bjørn Søyland  
Ingunn Tonstad

#### **Misjonsutval**

Aud Ingrid Fidjeland  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur**

Sven Egil Testad  
Lars Audun Fodstad (leiar)  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

#### **Kulturutval**

Astrid Tjørhom  
Brynhild Berg  
Ragnhild Barbro Josdal  
Hanne Fodstad  
Tone Østtveit Kvinen  
Kjetil Øygard Eidevik (permisjon)

#### **Haustakkefest Kvæven**

Aud Ingrid Fidjeland  
Asta Lunde  
Anna Kvæven  
Ester Tjørhom

#### **Komité for julefest Kvæven**

Grete Hegre  
Anders Tjørhom  
Kjetil Øygard Eidevik  
Christiane Krahnner

#### **Arbeidsgruppe for nytt kyrkjesenter**

Kenneth Omlie  
Siri Elisabeth Skagestad  
Gunnlaug Seland

Yngve Bjørn Søyland

## 2. Personal

Mål for 2021:

- Arbeide for gode arbeidstilhøve for tilsette i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet 4 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjeverje

100 % Organist

110 % Kyrkjelydsarbeidar

57 % Kyrkjetenar

37 % Reinhaldar

Denne årsrapporten speglar verkelegheita i året med pandemi. Noko blei avlyst, men mye blei gjennomført. Dei fleste gudstenestene frå nyttår til over påske blei avlyst. Soknepresten har lagt ut preikene på heimsida. «Vi syng jula inn» blei avlyst. Gravferder ble gjennomført men med nokre avgrensingar på antal og med tilviste plassar.

Det var håp om at 2021 blei eit normalår, sjølv om januar 2021 begynte som det slutta med avlysingar og avgrensingar for å hindre smittespreiing. Men det blei lysare tider når dei kom i gong med å vaksinere.

Møter i stab, sokneråd, utval og komitéar har stort sett kunne gjennomførast fysisk og som normalt. Nokre unntak har det vore.

Det har vore ei krevjande og utfordrande tid. Å møtast til gudsteneste og andre samlingar av mange slag er viktig for kyrkjelyden. Digitale tilbod kan aldri erstatte dette, men har vore eit supplement så langt det har vore mogleg for tilsette og frivillige, men langt mindre enn i 2020. Lokalproduserte digitale tilbod opplevast nærare folket i Sirdal.

Det har ikkje vore permisjonar som følge av pandemien.

Vi er glade for at ein har lykkast på mange måtar med å nå fram til barn og ungdom på ulikt vis. Men for alle har det vore krevjande med stadige smitteverntilak og avgrensingar.

Mesteparten av drifta er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkjerådet (trusopplæring). Organist/kantorstillinga har vore noko redusert også i 2021 (90%). Men det har vore naudsynt å trekke inn vikarar. I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling (17,5%). Tilsetjingsforholdet er Eining for kultur (kommunen).

Det har vore permisjon i deler av stillinga for kyrkjetenar i Tonstad kyrkje, men tenesta har blitt løyst ved bruk av timevikarar. Det har vore lite sjukmeldingar i staben. I samband med ulike vikarbehov som har dukka opp i løpet av året, har staben, tidlegare tilsette og frivillige også dette året gjort ein flott jobb for å halde ting i gang. Ein kyrkjelydsarbeidar var i delvis permisjon kalenderåret 2021, men dei fleste tiltaka blei likevel gjennomført med god hjelp frå andre. Kyrkjeverja flytta over vegen frå bygdetunet til ny kontor plass i Kvævemoen kapell ein dag i veka. Det har vore nyttig å vere i Øvre Sirdal med tanke på alt som skal følgjast opp der.

## 3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

### A. Kyrkjene

Mål:

- Slutført maling av alle kyrkjene samt servicebygga.
- Malt Lunde kyrkje og Haughom kapell samt begge servicebygga.
- Smitteverntiltak i varierende grad gjennom heile året.
- Realisering av nytt kyrkjesenter.

### Nytt kyrkjesenter

Det har ikkje vore nødvendig å budsjettere med pengar til nytt kyrkjesenter. Kommunen kom på banen med initiativ om å utreie samlokalisering med NAV på Helsehuset. Dette har halde på gjennom heile 2021 med møte på alle plan, fysisk og på Teams. Planane blei godkjent av alle partar, og råda for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet har og vore høyrte. Arbeidstilsynet har godkjent planane. Ved årsslutt mangla berre godkjenning av Formannskapet for løysing og finansiering. I januar blei planforslaget utsett, grunna høge ombyggingskostnadar.

Det er planlagt ENØK- tiltak i Haughom kyrkje, utskifting av gamle omnar. Det har vore en del utredningsarbeid som held fram i 2022.

### B. Gravplassane

Mål :

- *Leggje til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der*

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram. Ivar Skreå har ansvaret. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den

nyttar både maskin- og personal-ressursane på ein god måte.

ASVO har også i år hatt ansvar for gravstell på vegne av

fellesrådet ved Skeihaugen, Lunde og Haughom kyrkjegardar.

Det var ikkje dugnad på kyrkjegardane. Tidlegare har det vore dugnad på Haughom og Kvævemoen, men ikkje i 2021.



## 4. Verksemda – kyrkjelyd

Statistikk	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester o.l	72	74	74	74	74	39	43
Deltakarar	4522	4986	4570	4256	4061	1941	1312
Snitt pr gudsteneste	62,8	67,5	61,8	57,5	55	50	30
Dåp i gudstenestene	19	15	14	15	14	11	7
Dåp: Eigne dåpsgudstenester à ca. 25 pers. ca. 225 pers. (Ekstra seremoniar, 9 stk)							9
Konfirmantar	17	27	19	14	20	18	16
Vigslar	5	1	6	2	4	5	0
Gravferder	16	14	14	18	10	17	12
Konsertar/musikkandaktar	8	8	10	8	6	4	5
Deltakarar, konsertar/musikkandaktar	666	377	682	620	385	200	293

<b>Julaftan, 50 pers. på kvar:</b> Kvævemoen kapell kl. 13 Lunde kyrkje kl. 14.30 Tonstad kyrkje kl. 16	<b>Digitalt:</b> Antal klikk på heimesida: 93	<b>Digitalt:</b> Streaming på fb sida: Antal personar/ skjermar nådd: 125 Videoavspelingar: 15 Andre klikk: 68
<b>1.juledag, 18 pers.:</b> Tonstad kyrkje kl. 11	<b>Digitalt:</b> Antal klikk på heimesida: 96	
<b>Digitalt:</b> <b>Andaktar/preiker prest</b> Heile året 26 stk	<b>Digitalt:</b> Antall klikk på heimesida: Gjennomsnitt 121	
<b>Digitalt:</b> <b>Organisten/kantor</b> 6 innspelingar med salmar/songar, 6 dagar	Antall klikk på fb Gjennomsnitt: 208	

Alt i tabellen over og i strekpunkta i avsnittet under ble kunngjort på førehand via kyrkjelyden si heimeside, noko også i

Avisen Agder:

- Soknepresten laga 6 digitale andakter + Skjærtorsdag og Langfredag saman med kantor/organist.
- Soknepresten og organist/kantor saman med påskeprest Anne Margrethe Ree Sunde på Kvæven laga felles påskedagsgudsteneste.
- Soknepresten la ut alle preiker fortløpande på kyrkja si heimeside, med unnatak av ein (helgemesse).
- Gudstenesta julaftan blei streama av Frank Haugom.
- 22 planlagde gudstenester blei avlyst, dei fleste fram til over påske.

Det har vore ein fantastisk innsats med alle ekstra digitale tilbod.

## A. Gudstenesteliv

Gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også hausten og vinteren 2020/2021 arbeidd med å få til ulike typar gudstenester, både i kyrkjene og i friluft.

**Gudstenesteutvalet** har drøfta desse sakene:

Ny revidert ordning for hovudgudstenester.

Gudstenesteplan og enkeltgudstenester. Tidspunkt for gudsteneste i Øvredalen og på Tonstad, kl. 11. og kl. 14 (tidlegare kl. 11. og kl. 17.) Syskenringen har vore med på å arrangere gudsteneste nyttårsaftan og 2. påskedag. Men i 2021 tok soknerådet ansvar for midnattsmessa nyttårsaftan. Utvalet har ansvar for kyrkjekaffi på familiegudstenester, hausttakkefest og utdeling av 4-års bok. Det er ynskjeleg at organisasjonar frå bygda tek ansvar for kyrkjekaffi når dei får tildelt offer, og at dei orienterer om sin organisasjon og arbeidet sitt. Kan det kan vera mogeleg med søndagsskule i kyrkja? Gudstenesteutvalet ynskjer varierte song og musikkinnslag i gudstenesta.



I Tonstad kyrkje var det som tidlegare år ein gudsteneste, der det også blei 50 personar, som var maks antal.

Det blei 9 eigne dåpsgudstenester og 11 barn blei døypt i desse. Desse kom ofte etter gudstenesta, av smittevernomsyn. Det har blitt mykje ekstra tid for prest og organist med eigne dåpsgudstenester, noko dei ikkje har i si arbeidstid.

Kantor hadde salmar/orgelstykkje på Facebook, ofte knytt til dagens tekst. Det var eit flott tilbod i

kyrkjelyden, og mange sette pris på salmar dei kunne syngje med på.

Også soknepresten sine digitale tilbod, med og utan samarbeid med organisten, vart verdsett. Det kom mange gode tilbakemeldingar, noko ein kan sjå av tabellen over.

I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det vore andre planlagde arrangement:

**Årsfest** blei avlyst, men **årsmøte** blei som planlagt 21. mars etter gudstenesta i Tonstad kyrkje. Det var samtidig soknemøte grunna høyring om ny/revidert gudstenesteordning.



**Friluftsgudstenester:** Det var friluftsgudsteneste på Feed skiarena Kr.Himmelfartsdag 13. mai, og 2. Pinsedag 24. mai på den store scenen bak bygdetunet på Kvæven (familiegudsteneste). Kvinnen turiststasjon langfredag vart avlyst. På Kvinnen Olsok 25. juli blei det arrangert eit treff ved Einar Kvinnen sitt hus, som ligg eit par hundre meter frå turisthytta. Jorunn Kydland var med som Naturlos også i år. Det var 25-30 personar som var samla. Dette er eit samarbeid med Sirdal Historielag. Det var familiegudsteneste søndag 5. september i forbindelse med Sirdalsdagane, som var noko forandra då dei ikkje kunne samla så mange folk. Det blei ein flott familiegudsteneste med Ruben Gazki på den store utescenen på bygdetunet.

**Alle påskegudstenestene vart avlyst**, også gudstenestene med påskeprest Anne Margrethe Ree Sunde i Øvre Sirdal. Påskeandaktane i samband med skirennet på Josdal påskeaftan, Raubestøl og Rypekro på Øksendalheia vart også avlyst. Påskepresten hadde

rebus ved Kvævemoen kapell, og den same var å finne ved Tonstad kyrkje. Det var loddtrekning og premiar.

## B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik er dirigent for **Tonstad barnekor** (1-4 klasse), utleidd frå kulturskolen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha. Det var ingen aktivitet frå 12. mars til sommaren. Koret deltok på fire opptredningar/ gudstenester: Hausttakkefest i Tonstad kyrkje, basar (kulturhuset), adventsamling og Lucia-konsert (Tonstad kyrkje). Nokre øvingar blei avlyst, julespel ved barnekoret julaftan blei og avlyst. Koret hadde sju medlemmer på våren og åtte på hausten.

Det har ikkje vore **babysong** i Tonstad kyrkje. Det har dessverre ikkje vore mogleg å få frivillige til å vera med. **Barnekoret i Kvævemoen kapell** ligg nede fordi det ikkje har vore interesse.

### Sirdal blandakor

Koret kom i gang med sosial samling på våren og hadde øvingar frå 2. september til 9. desember, til saman 13 øvingar. Dei hadde opptredningar 21.10 med song på kulturkvelden på kulturhuset, Helgemessa 07.11. og på Adventsamling 28.11. i Tonstad kyrkje i samband med tenning av julegrana på Eliastunet. Koret har 11 betalende medlemmer. 11.12. arrangerte koret fellestur til Flekkefjord for å sjå og høyre balletten «Nøtteknekkeren», framført av eit ensemble frå Moskva.

Kora og alt dei bidreg med er særskild viktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som finst, og spesielt glade for alt dei klarte å få til i 2021, både overfor kyrkjelyden og saman i kora. Styra og leirane har vore dyktige.

## C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

### Trusopplæringa

I 2021 har Birgitta Tjørhom halde fram i jobben som kyrkjelydsarbeidar i en 50 % stilling. Inger Solveig Høyland har hatt permisjon frå det meste av si stilling, men har hatt ansvar for Trafo

gjennom permisjonsåret. Dei andre arbeidsoppgåvene hennar har blitt fordelte mellom Christiane Krahner, Ingve Nord-Varhaug, Birgitta Tjørhom og frivillige.

Korona har prega mykje av arbeidet i 2021 også. Men med tilpassingar har dei fleste av trusopplæringstiltaka likevel vore gjennomførte. Tårnagenthelga vart gjennomført som agentsamlingar fyrste helga i februar, ei samling på Kvæven og ei på Tonstad. Alle 3.klassingane i Sirdal var inviterte til å vera med. Vidare fekk 2. og 4. klasse ei helsing frå kyrkja i posten rett før vinterferien. Då fekk 2. klasse ein aktivitetsbibel og 4. klasse fekk ei bok som heiter *Viktor i femte*. Påskefesten og gudstenestene i påska kunne ikkje gjennomførast som vanleg. Christiane m.fl. laga difor flotte digitale gudstenester, og påskeprest Anne Margrethe Ree Sunde laga ein påskerebus for barn og unge som vart lagt ut rundt Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell. Inger Solveig og Andreas Høyland hadde saman med bedehuset ein digital søndagsskule og påskerebus for borna på Tonstad. Normalt vil 4-åringane i Sirdal få utdelt *Bibelen for dei små* på påskefesten. 4-åringane på Tonstad fekk denne utdelt på ei eiga samling i juni, medan 4-åringane i Øvre Sirdal vart inviterte på pinsefesten i staden for. Dei vil få Bibelen på påskefesten i 2022. På pinsefesten vart elles 5-åringane i dalen inviterte, me feira kyrkja sin bursdag og dei fekk ei bok som heiter *Fest på slottet*.

I samband med Sirdalsdagane hadde me i 2021 invitert Ruben Gazki. Dette var eit samarbeid med Sirdalsdagane. Han hadde familieshow på Sirdalsdagane på laurdagen og var med oss på familiegudsteneste på utescenen på Kvæven på søndagen. Dette blei ei flott oppleving. Ruben Gazki arbeider mykje med konfirmantar, og laurdag kveld var han med på Kick off på Trafo der også det nye konfirmantkullet deltok. Dette var ei fin samling med mykje fint innhald for ungdomane.

Utover hausten hadde vi Krøllekveld for 3-åringane, samling for 1.klasse og Hausttakkefest der 1.klasse deltok og fekk utdelt boka *Tre i eit tre*. Det var og familiegudsteneste der 5.klassingane i dalen var spesielt inviterte og der dei fekk *Det nye testamentet* utdelt på gudstenesta.

31. oktober med Halloween og HalloVenn var same dag som familiegudstenester med utdeling til 5.klasse på Tonstad og Kvæven. Det vart difor

vanskeleg for oss tilsette å også skulle arrangere HalloVenn. Då var det flott at frivillige i familieKRIK og foreldre gjekk saman og fekk til ei flott HalloVenn-samling i Øksendal. Det var svært populært og blei ei samling der 100 barn i alderen 0-12 år deltok.

27.-28. november var det Lys Vaken. 6.klasse var inviterte og overnatta i Kvævemoen kapell frå laurdag til søndag og deltok på gudstenesta 1. søndag i advent. Det var flott å kunne få lov til å invitere alle 6.klassingane samla igjen, og at me også fekk lov til å overnatte. Det var ei kjekk helg.

### **Konfirmantar**

16 ungdomar vart konfirmert i 2021, alle hørde til Tonstad kyrkje. Ansvar for konfirmantkullet 2020/21 var delt mellom Inger Solveig Høyland på hausten 2020 og Christiane Krahnert våren 2021. Diverre vart konfirmantleiren avlyst også dette året. Det vart planlagt ein alternativ lokal leir for konfirmantane, men då me fekk korona lokalt i Sirdal rett før sommaren 2021, måtte også denne avlysast. Det var to konfirmasjonsgudstenester i Tonstad kyrkje, laurdag 28. august og søndag 29.august. På det tidspunktet var Rolf Eriksen vikarprest for Christiane Krahnert, og han hadde difor konfirmasjonsgudstenestene.

### **Kontinuerleg arbeid**

I tillegg til enkelttiltaka for dei ulike årskulla er det kontinuerlege arbeidet blant barn og unge ein viktig del av trusopplæringa i kyrkja. På Tonstad har me Yngres og Trafo som blir drive i samarbeid med Bedehuset. Yngres møtest som regel kvar fredag og er for born frå 5.-7.klasse, medan Trafo er saman annankvar laurdag og er for ungdommar frå 8.klasse og eldre. I Øvre Sirdal har me Sprell Levende for barn frå 4 år og oppover og Fredagsklubben for dei frå 5.klasse og eldre. I 2021 har det kontinuerlege arbeidet stort sett gått som normalt. Det har berre blitt nokre avlysingar grunna korona. Me er glade for at me saman med frivillige kan møte mange barn og unge i Sirdal kvar veke.

Våren 2021 hadde Ingve Nord-Varhaug ansvaret for skulelaget på Tonstad. Dei fleste av elevane i styret til skulelaget og dei som brukte å vere med på skulelaget gjekk ut 10.klasse våren 2021. Hausten 2022 vart det difor vanskeleg å fortsette skulelaget, og det vart bestemt at skulelaget har

ein pause inntil vidare. Skulelaget bør vere elevønska og elevstyrt. Me vil difor sjå på når det er naturleg og aktuelt å starte opp igjen arbeidet med skulelaget.

### **Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid**

I Sirdal er me heldige og har et godt samarbeid med skule og barnehage. Skulen og barnehagen ønskjer å komme til kyrkja og at me som arbeider i kyrkja skal komme på besøk til dei. Det sett me stor pris på! I året som har gått me hatt 5 påskesamlingar i Tonstad barnehage, skulegudsteneste i Tonstad kyrkje til sommaren, Sjekk kyrkja med 4.klasse, 3 julevandringar i kyrkja saman med barn frå Tonstad barnehage og ei julesamling i Kvævemoen kapell med Øvre Sirdal barnehage. I tillegg var me før jul på besøk hos dei yngste i barnehagen på Tonstad. Me hadde og ei julesamling i kyrkja med småtrinnet på Tonstad skule. Det var planlagt julegudsteneste både med Sinnes og Tonstad skule, men desse måtte diverre avlysast då det kom nye restriksjonar rett før jul.

### **Trusopplæringsutvalet**

Trusopplæringsutvalet har i 2021 bestått av Grete Hegre, Laila Øksendal, Trine Røssstad Ousdal i tillegg til Birgitta Tjørhom. Dei har vore med på enkelttiltak for barn og unge og bidratt med praktiske gjeremål inn mot dei ulike tiltaka. Me har diverre ikkje klart å få til å møtast i trusopplæringsutvalget i 2021. Dette vil me ta opp att i 2022.

### **D. Givarteneste**

Totalt kom det inn på givartenesta til TRAFØ på kr. 10.800.

### **E. Diakoni og misjon**

#### *Mål for perioden*

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.*
- *Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd*

#### **Misjon/internasjonalt engasjement**

Kyrkjelyden støtter to ulike misjonsprosjekt, og soknerådet vedtok hausten 2017 å støtte desse to prosjekta i ein ny femårsperiode. Det blir tatt opp fire ofringar ved gudstenester til kvar av desse i året, og naturlegvis er det også forbøn. Det eine

prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i **Ecuador** er eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støttar også Centro Creer. Kyrkjekontoret får nyheitsbrev direkte som vidaresemdast til misjonskontakt i kyrkjelyden Aud Ingrid Fidjeland/Solbjørg Tjørhom.

Det andre prosjektet er eit arbeid NMS (Det norske misjonselskap) driv blant nordafrikanske immigrantar i **Spania**. Sissel Agathe Bø er soknerådet sin kontaktperson, og er også engasjert i NMS-Spania direkte gjennom NMS foreininga med økonomisk støtte. Ho får nyheitsbrev som ho sender vidare til kyrkjekontoret. Kyrkjelyden får besøk av regionkontakten kvart år.

**Fasteaksjonen** til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Også i 2021 var den nasjonal innsamlinga på sosiale media. Konfirmantane hadde ikkje dør til dør- innsamling. Denne vart marknadsført lokalt bl.a. ved å dele informasjonen om tiltaket på sosiale media. Det kom inn 7.605 kr. (25.556 kr i 2020) gjennom den digitale fasteaksjonen (dette kjem ikkje inn i soknerådet sin rekneskap). I 2019, før pandemien, kom det inn 34.245 kr., då konfirmantane gjekk frå dør til dør.

### Diakoni og eldrearbeid

Tro og Lys-gudsteneste i Tonstad kyrkje var 15.09. Dette er eit samarbeid med Flekkefjord og Kvinesdal, og ein årleg tradisjon, der diakonitualet tek ansvar for å stelle i stand fest med mat på «Møteplassen» i Litlemohagen i forkant av gudstenesta. Men i år blei det på Kulturhuset i staden for Litlemohagen. Familie-gudstenesta er open for alle.

Anna som Diakonitualet gjer, men som ikkje blei noko av i 2021 pga. pandemien, er:

Dei gir ei gåve til alle jubilantar som fyller 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år. Dei får anten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar. Ingen fekk dette besøket i 2021, dessverre, og mange fekk ikkje dette besøket eller helsinga i 2020 heller. Så her står mykje ugjort.

### Gullkonfirmantar

Mange set pris på den årlege tradisjonen med å innby alle Gullkonfirmantar til 50-års jubileum. Dei som blei konfirmert for 50 år sidan blir inviterte til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå. Ein god del 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.



### Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre er eit viktig tiltak. Arbeidsgruppa har ikkje hatt møte i 2021. Kyrkje og kultur har ei side om miljø i bladet. Det gir ein viktig påminning om ansvar for natur og gjenbruk. Skaparverket er viktig i eit kyrkjeleg perspektiv.

## F. Kultur

### Kulturutvalet

Kulturutvalet kom i gang igjen hausten 2021 etter ein lang «koronapause». Dei hadde møte 3. juni og 28.september. Astrid Tjørhom har vore med i utvalet sidan oppstarten 2014, men har nå gått ut av utvalet. Utvalet arrangerte kulturkveld på kulturhuset 21. oktober. Christiane Krahner fortalde om oppveksten sin i DDR, noko som var svært gripande. Det var song av vokalgruppa frå SMOk og Sirdal Blandakor, mat og samtale. Det kom ca. 90 personar frå heile dalen.

Kulturutvalet held fram med å arrangere ein **kulturkveld** kvart semester på kulturhuset. I 2022 planlegg utvalet ein konsert med Robert Tjomlid. Fantastisk flotte tilbod frå kulturutvalet, som samlar folk frå heile dalen. Takk til alle involverte.

**Energifestivalen** i Sirdal i juni blei avlyst. Kyrkjelyden bruker å vere godt synleg i hagen på kyrkjesenteret. Det blei ingen stand med aktivitetar og servering av kaffi, saft og vaflar.



## G. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er eit viktig samarbeidsorgan. I over 20 år har dei samarbeida. I 2021 har det ikkje vore så mye aktivitet, sjølv om det er faste ting kvart år. Noko kunne gjennomførast med smitteverntiltak og noko blei avlyst. Sprell Levande på Eliastunet i mai og 2. påskedag-gudstenesta på Haughom blei avlyst. Dei hadde adventssamlinga på Tonstad med julegranteninga. Midnattsmessa nyttårsaftan i Tonstad kyrkje arrangerte soknerådet. Samarbeidet har lege noko brakk. Det er behov for å komme i gang igjen. Det blir betre når samfunnet igjen blir opent.

## H. Samarbeid med skule og barnehage

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp. Se meir i kapittel C.

## I. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nummer også i 2021. I 2021 er det 10 år sidan det blei starta. Det kjem gode

tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med kulturkontoret i kommunen.

Det er viktig å oppdatere heimesida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no), for at folk ikkje skal miste interessa. No er det blitt meir vanlig at vi legg fleire hendingar ut på Facebook (fb), det viser seg å vere ein god måte å nå folk på, også påmeldingar til nokre tiltak går på fb. Gjennom fb-sida når vi ut til nye grupper. Staben freistar å oppdatere sida jamleg. Meir og meir kunngjerast på kyrkja si fb-side. Den statiske informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv., skal i alle høve vere oppdatert. Fb-sida til kyrkjelyden heiter [www.facebook.com/kyrkjaisirdal](http://www.facebook.com/kyrkjaisirdal). Dess fleire som trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjere det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Ein kan også vurdere andre sosiale media.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har fb lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal. Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement. Ved større hendingar sender vi også pressemelding til NRK.

## 5. Rekneskap

Nøkkeltal frå rekneskapan	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Driftstilskot, kommune	3202000	3298872	3380000	3240000	3275000	3480000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000	200000	200000	400000	200000
Tilskot frå staten	137000	158.500	153181	177389	148000	154000
<b>Bundne driftsfond</b>						
Bunde driftsfond trusopplæring	95710	109929	95609	95609	70058	75081
<b>Disposisjonsfond</b>						
Restkonto Øvre Sirdal	35099	35099	35099	35099	35099	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	26816	26816	26816	26816
Disposisjonsfond drift	627146	181844	181844	523747	363205	363205
Disposisjonsfond trusopplæring, ny i 2017		50000	50000	50000	50000	50000
Driftsfond investering, ny i 2017		376640	376640	32391	32391	32391
Årets overskot/underskot:	436641	580683	195131	220669	0	94557
Investeringsfond	368426	0	0	235000	235000	235000
Ofringar til andre organisasjonar inkl. misj.pr	184661	169281	145911	147330	83214	74931
Innsamling til Fasteaksjonen, dør til dør aksjon	35196	46665	36696	32396	0	0
Offer til kyrkjelydsarbeidet	28860	34900	30742	35920	37305	25159
Kollektar ved konsertar	0	4422	8601	7596	0	0
Givarteneste	61.000	13600	13000	10300	10800	10800

Tabellen viser utviklinga av tilskot, frie midlar (fonda), overskot/underskot og offer/gåver/innsamla midlar dei siste åra.

Sirdal kommune vedtok overføringar til drifta av kyrkja på same nivå som året før når vi reknar med ekstraordinære tiltak til vedlikehald av kyrkjer som var på kr 200.000 , noko som gjorde det mogleg å male Lunde kyrkje og Haughom kapell med servicebygga når det til saman blei avsett kr. 400.000 til dette arbeidet.

Pandemien forårsaka avlysingar av gudstenester og andre arrangement og mange endringar i gjennomføring. Blant anna blei det mindre bruk av vikarar. Det er utfordrande å budsjettere pensjonsutgifter då reguleringspremien kan variere mykje frå år til år, derfor er det viktig å ha ein «buffer» på disposisjonskonto.

Ein del utgifter kom som følgje av pandemien, blant anna innkjøp av antibac og tilhøyrande utstyr, leige av lokale til møter.

Budsjettering av inntekter på feste av graver kan gje utfordringar på anna drift. Talet på gravfester som forfell til betaling årleg kan variere med opptil hundre tusen kroner. Festeinntektene blei noko mindre enn budsjettert i 2021, kr. 33.500 mot budsjettert kr. 60.000 (kr. 145.000, 2019). Meirutgifta til drift: Ansvar 43 kyrkjegardane må dekkast inn av kommunens årlege tildeling til kyrkja! 43 Kyrkjegardar gjekk i minus med kr. 314.000 (250.000, 2020).

Takkoffer:

Det blei betydeleg lågare takkoffer til andre i 2021, dette grunna at det har vore mange færre fysiske gudstenester. Ofringar til kyrkjelyden gjekk ned med ca. kr. 8.000 til kr. 25.000, men det gjekk opp året før. Til andre organisasjonar, også ytterlegare ned i 2021 med kr. 20.000 til kr. 63.000 . Av dette, ofringar til misjonsprosjekta, litt opp frå 9.000 til kr. 11.500. Det er naturlegvis leitt for mange organisasjonar som får mykje mindre pengar overført, det inkluderer også misjonsprosjekta som kyrkjelyden støttar.

Mindreforbruket / overskotet på drifta, kr. 94.557, blei avsett til disposisjonsfond.

Kostnadene ved å drifte eit offentleg forvaltningsorgan som kyrkja er, er betydelege. Nesten alt er faste kostnader.

*43 Kyrkjegardar:*

Kommunal tenesteyting vedrørande gravplassane var kr. 891.000 i 2021. Beløpet kjem fram som utgift og inntekt i rekneskapen og har ingen betydning for kyrkja si drift.

Investeringar:

Det blei ikkje overført pengar til nytt kyrkjesenter. Kommunen tok i 2021 eit initiativ til eit mulighetstudium for samlokalisering med NAV på Helsehuset. Dette prosjektet hadde god framdrift leia av ass. kommunedirektør John Birkeland, med brei involvering av alle parter, fellesmøte, særsmøte, fysisk og på Teams. Kommunen har etter lova ansvar for at kyrkja lokalt har funksjonelle og godkjente kontorlokale for drifta.

--

Økonomiforskrifta for Den norske kirke (ny bestemmelse), § 12, nr. 4 – Klargjering om tilstand mht. likestilling og diskrimineringslovgevinga:

Sirdal sokneråd arbeider aktivt for likestilling og mot diskriminering, jf. Likestilling og diskrimineringsloven § 26. Arbeidet er ein del av verksemda sitt HMS-arbeid for å søkje å hindre diskriminering, jf. Punkt 7.0. Internkontroll. Krav om 40% representasjon av begge kjønn. Det lykkast ikkje å få lik representasjon ved valet 2019. Valte faste medlemmer: 5 kvinner (83,3%) og 1 mann (16,7%). Kjønnfordeling i staben: 3 kvinner (60%), 2 menn (40%). Soknerådet har ansvaret ved val til soknerådet og kyrkjeverja har det daglege ansvaret. Det er varslingsrutiner i Internkontrollpermen. Det er avgrensa tilgang/ikkje tilgang for funksjonshemma grunna manglande universell utforming av/til kontora og øvrige rom ved kyrkjesenteret. Kyrkjesenteret med kontor tilfredsstillar heller ikkje krav i Arbeidsmiljøloven. Det blir jobba aktivt med nye kontor. Dette gjeld i liten grad ved kyrkjene, som alle er tilrettelagt for funksjonshemma.

## 6. Framtidsutsikter

Vi er glade for at rekruttering til ulike ledige stillingar har lykkast. Alle stillingar er besett. Tilsette gjer ein

svært god jobb og står godt rusta til at dei frivillige kan oppleve å gjera ei meningsfull teneste. Dei frivillige legg ned mykje tid. Av naturlege årsaker går nokon ut av ein eller fleire tenester, og nye kjem til.

Mange kyrkjelyder opplever markant nedgang i dåpstala. Særleg er det bekymringsfullt er det når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype barna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette så langt, men det kan skje, både i dåpstala og talet på konfirmantar. Ein god måte å styrke kyrkjelyden på er at alle som ønskjer at kyrkja framleis skal vere eit viktig «lim» i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å kome til gudsteneste og frimodig oppmuntrar barn og ungdomar til å ta del i trusoppplæring og anna barne- og ungdomsarbeid. Den beste måten å ta vare på noko, er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja. Det er viktig at kommunen sørger for tilstrekkeleg med overføringar for dagleg drift og investeringar slik at kyrkjene ikkje forfell, at kyrkjesenteret held den standard som krevst for ein arbeidsplass, og at unge og gamle som oppsøker kontora møter universell utforming med tilgjengelegheit.

Mange har gode minne frå ulike samanhengjer i kyrkja, frå dei er heilt unge, gjennom oppveksten og i vaksen alder, og er stolte av og glade i kyrkjene sine. For kyrkja er det viktig å sjå enkeltmenneske, både i glede og sorg.

#### D. Mål for 2022-2024

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Få hensiktsmessige og lovlege kontortilhøve for staben ved Kyrkjesenteret med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre.
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene.
- Installere supplerande varme i Haughom kapell samt oppgradering av eksisterande anlegg.
- Installere supplerande varme i Tonstad kyrkje.
- Gravplassane skal vere gode stader å vere for sørgjande og andre som ferdast der. Installasjon av vatningsanlegg på dei to siste gravplassane, Kvævemoen og Haughom er til vurdering.

#### E. Prioriteringar 2022

- Oppfølging av vedlikehaldsplanen frå 2011.
- Arbeide vidare med å få hensiktsmessige og lovlege kontortilhøve for staben og ved Kyrkjesenteret med tilgjengelegheit for besøkande, unge som eldre.
- Feste benkar i Haughom kapell
- Haughom kapell, oppgradering av varme.

